

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **11. november 2024** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Kjartan Moe Hustvedt.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 15.10
MØTANDE MEDLEMMER:	Kjartan Moe Hustvedt (MDG), Ole Johan Sveen (TvF), Per S. Wathne (Krf) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	1. vara Susanne D. Førde (Sp)
FORFALL:	Andreas Bårtvedt (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Stats. aut. revisor Therese S. Bjørkeland
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre Kommunalsjef utvikling Kenneth Tollefsen i sak 26
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA

SAK 25/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.09.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 09.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 09.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 26/24 ORIENTERING OM «UTVIKLING»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef for utvikling Kenneth Tollefsen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Kommunalsjef Kenneth Tollefsen viste ein presentasjon og orienterte om sitt arbeids- og ansvarsområde. Han gjorde greie for oppgåvene til dei tri einingane, som er Drift og anlegg, Plan, eigedom, byggsak og landbruk (PEBL) og Samfunnsutvikling.

Han gjekk nærare inn på dei ulike arbeidsoppgåvene, talet på tilsette og budsjetttrammer. Kommunen har ca. 40 000 m² med bygningar som skal vedlikehaldas og ca. 100 km med kommunale vegar, gang- og sykkelvegar.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna vassforsyning, reinseanlegg, forvaltning av kommunale eigedomar, næringsareal og ressursituasjonen.

Utvalsleiar takka for ei interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef for utvikling Kenneth Tollefsen si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 27/24 BESTILLING AV REVISJONSPROSJEKT – «TILDELING AV HELSE- OG OMSORGSTJENESTER»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tildeling av helse- og omsorgstjenester» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 07.10.24. Ramma for prosjektet blir sett til 240 timar.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Revisor Therese Bjørkeland gjorde greie for prosjektmandatet.

Medlemmene drøfta framlegget og var særleg opptekne av at dei pårørande måtte bli høyrde. Revisor noterte seg innspel frå utvalet. Ho vil informera forvaltningsrevisor om at under Metode må pårørande sine oppleveringar tas inn, enten som spørjeundersøking, brukarundersøking gjennomført av kommunen eller via eldrerådet.

Utvalet hadde elles ingen merknader og slutta seg til framlegget til prosjektmandat.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tildeling av helse- og omsorgstjenester» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 07.10.24 og med eit sterkt ønskje om at pårørande sine synspunkt må koma fram i rapporten.

Ramma for prosjektet blir sett til 240 timar.

SAK 28/24 MØTEPLAN FOR 2025

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2025:
mandag 17. februar, 19. mai, 16. juni, 22. september og 17. november kl. 14.00.
Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Leiar gjorde greie for framlegget. Medlemmene var nøgde med å ha møta på dagtid og framlegget til møtedatoar.

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2025:
mandag 17. februar, 19. mai, 16. juni, 22. september og 17. november kl. 14.00.*

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 29/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 22. Statusrapport pr. november 2024
- 23. KST-vedtak 30.09.24 – forvaltningsrevisjonsrapport «Pleie og omsorg»
- 24. KST-vedtak 30.09.24 – Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- 25. Protokoll frå ekstraordinært møte i Haugalandsrådet 07.10.24
- 26. Protokoll frå møte i Haugalandsrådet 25.10.24
- 27. Innkalling til rep. møte i Haugaland brann og redning 08.11.24
- 28. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29-30. januar 2025 på Gardermoen

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Leiar gjorde kort greie for referatsakene. Medlemmene drøfta om dei skulle reise på konferanse og blei einige om at dei som ønskjer å delta gir beskjed til sekretariatet.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 11.11.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 22 – 28 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: mandag 17.02.24, kl. 14.00

Saker: orientering frå administrasjonen om «helse og omsorg, og årsmelding for 2024.

Sveio/Aksdal, 11.11.24

Kjartan Moe Hustvedt
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær